

---

**Fra:** Torgeir Paulsen  
**Sendt:** onsdag 5. september 2018 14.54  
**Til:** Marte Hagen Eriksrud  
**Emne:** SV: Lindås kyrkjelege fellesråd - innspel til arealdisponering . utviding av gravplass på Hjelmås/ Apalen

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Fullført

Hei Marte, og takk for svar.

Eg vil be om at mi opphavlege e-post vert handsama som innspel til kommuneplanen. Det kan nok hende at dagens løysing skal halde i 10 år, men elles trur eg at denne er dekkjande på det noverande tidspunkt. Det viktigaste er at det blir sett av grunn til gravplass mens det enno er, ettersom det er rimeleg å tru at utbygging og folketalsauke vil halde fram på Hjelmås.

Mvh Torgeir Paulsen  
Kyrkjeverje i Lindås

---

**Fra:** Marte Hagen Eriksrud  
**Sendt:** tirsdag 28. august 2018 14.21  
**Til:** Torgeir Paulsen  
**Emne:** SV: Lindås kyrkjelege fellesråd - innspel til arealdisponering . utviding av gravplass på Hjelmås/ Apalen

Hei, viser til e-post dialog under.

Vi jobber nå med kommuneplanen. Det er satt en frist 14. september for å komme med innspill til det arbeidet. Det mest naturlige er å ta opp dette som et innspill til planarbeidet. Det blir en prosess nå i høst med vurdering av innspillene, og utarbeiding av planforslag som skal til 1. gangsbehandling rundt juletider.

Hvis du ønsker at vi behandler dette som et innspill til kommuneplanen, så ber jeg om en stadfestelse på dette. Da vil jeg føre e-posten med vedlegg inn som innspill. Hvis du ønsker å sende inn innspillet på nytt, med ytterligere redegjørelse, så kan du også gjerne gjøre det.

Informasjon om hvordan du gir innspill finner du her;  
<https://www.lindas.kommune.no/arealdelen.470757.nn.html>

Ta gjerne kontakt om du har spørsmål.

**Marte Hagen Eriksrud** | Arealplanleggjar

**E-post:** [marte.hagen.eriksrud@lindas.kommune.no](mailto:marte.hagen.eriksrud@lindas.kommune.no) | **Telefon:** 56 37 56 37  
**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



---

**Fra:** Frøydis Ones  
**Sendt:** mandag 20. august 2018 11.56  
**Til:** Torgeir Paulsen  
**Kopi:** Marte Hagen Eriksrud  
**Emne:** SV: Lindås kyrkjelege fellesråd - innspel til arealdisponering . utviding av gravplass på Hjelmås/ Apalen

Hei,  
Takk for e-post!  
Eg samrår meg med prosjektleiar for kommuneplanarbeidet sidan den planen no er i prosess. Det er kanskje mest naturleg at ho som har oversikten i det arbeidet også ser på dette forslaget.  
Du vert i alle fall kontakta av ein av oss når vi har fått snakka litt saman.

**Frøydis Ones** | Avdelingsleiar plan

**E-post:** [froydis.ones@lindas.kommune.no](mailto:froydis.ones@lindas.kommune.no) | **Telefon:** +47 56 37 56 33 | +47 480 92 884  
**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



---

**Fra:** Torgeir Paulsen  
**Sendt:** 20. august 2018 11:02  
**Til:** Frøydis Ones  
**Kopi:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Lindås kyrkjelege fellesråd - innspel til arealdisponering . utviding av gravplass på Hjelmås/ Apalen

Hei,  
Eg viser til vedlagt kartskisse.

I 2014/15 vart gravplassen på Apalen fullført ved at ein fekk laga tre nye gravfelt nedst på det arealet som frå tidlegare var regulert til føremålet.  
Arbeida i 2014/15 ga ca 160 nye graver, og eg trur nok at dette skal dekkje behova i 6 – 8 år,  
Problemet er likevel at når dette blir fullt er det ikkje  
meir areal som er halde av til dette føremålet på Hjelmås, og derfor vil eg be om at ein vurderer å få  
det arealet som eg peiker på i denne kartskissa  
regulert til føremål offentleg / gravplass. Pr i dag er dette arealet skog, i privat eige.  
Som det går fram av koter er dette såpass flatt at det vil la seg gjere å anlegg gravplass her.

Som du ser av datoen på skissa er dette ikkje ein heilt ny tanke, men kan hende god likevel. Eg høyrer gjerne frå deg om kva du tenkjer om dette.

Mvh Torgeir Paulsen  
Kyrkjeverje i Lindås